



Arkivnr: 2014/378-3  
Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Stein Ottosen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		09.04.2014

## Statsbudsjettet 2014 kap 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø i Hordaland

### Samandrag

Saka gjeld fordeling av midlar frå Statsbudsjettet 2014, kap. 1429, post 71 til tiltak i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ser midlane som eit viktig verktøy for å gjennomføre den regionale kulturminnepolitikken.

Ordninga i 2014 vart lyst ut av Hordaland fylkeskommune med søknadsfrist 1. desember 2013. På grunnlag av innkomne søknader søkte fylkeskommunen om midlar frå Miljøverndepartementet til vidare fordeling i Hordaland. I brev frå Riksantikvaren dagsett 03.02.2014 (lagt ved saka) fekk Hordaland fylkeskommune ei samla løyving på kr 7.680.000 til post 71. Det vert også gitt førehandstilsegn for 2015.

Strukturen i Klima- og miljødepartementet sitt budsjett, kapittel 1429 (Riksantikvaren), er endra. Post 71 *Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap* omfattar dei tidligare postane 72.2 *Vern og sikring av freda bygningar i privat eige*, 72.4 *Kystkultur*, og 72.5 *Kulturlandskap*. Tilskotsmidlar frå post 71 skal som hovudregel fordelast til *Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige*. Det er ein føresetnad at dei bygningane som får midlar er tilstandsregistrerte i kulturminnedatabasen Askeladden.

Ordinær løyving for 2014 (kr 7.680.000,-), omdisponerte midlar og renter frå tidlegare år (kr 1.361.564,-), og førehandstilsegn 2015 (kr 3.000.000,-) gjev ei samla løyving til fordeling av Kultur- og ressursutvalet på kr 12.041.564,-

Det er lagt opp til at større, igongsette prosjekt vert ført vidare i 2014. Tilsegnsbrevet gir Hordaland fylkeskommune høve til å setje av 5-10% til prosjektleiing. Det er sett av kr 609.143 til dette, noko som utgjer 6,7 % av den samla løyvinga for 2014.

## Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler kr 12.041.564 frå budsjettpost 400.650.07 slik:

a. Post 71. Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

Kommune	Objekt	Løyving 2014	Førehands- tilsegn 2015
Bergen	Bergen barneasyl	225.000	
	Drengestova, Nyhaugen	250.000	
	Kronstad hovedgård	502.421	500.000
	Skuteviksboder 14-15	500.000	500.000
	Replageriet på Fjøsanger	700.000	
	Reperbanen i Sandviken	1.100.000	800.000
	Stranges Stiftelse		600.000
	Damsgård hovedgård	250.000	
	Villa Konow, vindaug	15.000	
	Villa Konow, smijernslampe	10.000	
Bømlo	Hiskholmen	200.000	
Granvin	Bustadhus, Ystås	70.000	
	Lemstove, Ystås	18.000	
	Løe, Ystås	Avslag	
	Røykstove	170.000	
Jondal	Jonatunet	Avslag	
Kvam	Røykstove, Håbrekke	250.000	
Kvinnherad	Fjellberg prestegard	300.000	
	Nicoll-huset	222.000	
Lindås	Lyngheisenteret, Lygra	550.000	
Os	Lyse Kloster kapell	150.000	
Osterøy	Havråtunet, v/Museumssenteret	1.700.000	
	Havråtunet, Geir Sunndal	200.000	
	Havråtunet, Semensløa	190.000	
	Havråtunet, Andersløa	190.000	
Ullensvang	Rothstova	150.000	
	Haldor stabbur	200.000	
Ullensvang/Jondal	Buføre/pilegrimsvegen,	200.000	

Prosjektsøknader	Museumssenteret i Hordaland, Utstyr til tidfesting av bygningar	Avslag	
	Fortidsminneforeningen i Bergen, kurs i praktisk bygningsvern	Avslag	
	Prosjektleingsmidlar, Hordaland fylkeskommune	609.143	
Udisponerte midlar til strakstiltak (brann, lekkasje m.m.)		120.000	600.000
<b>Summert</b>		<b>9.041.564</b>	<b>3.000.000</b>

*b. Post 73 Brannsikring*

<i>Kommune</i>	<i>Objekt</i>	<i>Tilråding</i>
Bergen	Sandviksbod 19	Avslag
Kvinnherad	Fjellberg prestegard	Avslag
Ullensvang	Agatunet	Avslag

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Kultur – og ressursutvalet administrasjonen høve til å omfordele midlane til eit anna av dei omsøkte tiltaka.
3. Kultur- og ressursutvalet gjev administrasjonen løyve til å fordele restbeløpet av førehandstilsegn for 2015 på kr 600.000.
4. Kultur- og ressursutvalet ber Klima- og miljødepartementet om at det vert stilt midlar til rådvelde over Statsbudsjettet, kapittel 1429 post 73 til brannsikring av freda kulturminne i Hordaland.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Omtale av søknadene
2. Tildelingsbrev frå Riksantikvaren, dagsett 3.2.2014
3. Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71
4. Skjema for aksept av tilskot



## Fylkesrådmannen, 04.03.2014

Saka gjeld fordeling av midlar frå Statsbudsjettet 2014, kap. 1429, post 71 og 73 til tiltak i Hordaland.

### Bakgrunn:

Statlege midlar frå kapittel 1429 i statsbudsjettet har i mange år vore eit viktig verkemiddel andsynes private eigarar av faste kulturminne i Hordaland og gjeve rammer for mange gode tiltak.

Riksantikvaren har ved fleire høve streka under at fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sikre løyvingar til kulturminnetiltak. Dersom ein ser situasjonen samla er det likevel trong for meir pengar enn det fylkeskommunen har rådd over i interne budsjett.

Hordaland fylkeskommune søker kvart år Riksantikvaren om midlar til freda kulturminne.

Kultur- og idrettsavdelinga administrerer første del av prosessen og mottek søknadar frå eigarar av freda bygg og anlegg. På bakgrunn av søknadene vert det utarbeidd ei liste over søknadene som vert oversendt til Riksantikvaren ved slutten av kvart år. I februar/mars mottek fylkeskommunen tilsegnsbrev frå Riksantikvaren med ei ramme. Den statlege løyvinga består av øyremerkte midlar og midlar til fordeling etter vedtak i Hordaland fylkeskommune.

### Statlege mål og føringar

Nasjonale resultatmål for kulturminne skal mellom anna nåast gjennom ti bevaringsprogram:

freda kulturminne i privat eige, samiske kulturminne, stavkyrkjene, verdsarven, tekniske og industrielle kulturminne, brannsikring av historiske trebygningar, fartøy, ruinar, bergkunst og utvalde arkeologiske kulturminne. Hordaland fylkeskommune har arbeidd målretta med istandsettingsprogrammet for freda bygningar i privat eige og har motteke monalege statlege midlar gjennom ei årrekke.

Fylkeskommunen har gjennomført tilstandsregistrering av dei freda bygningane og ein har gode oversyn over behov og vidare prioriteringar av prosjekt. Programmet skal vera avslutta innan 2020.

### Tildeling for 2014

Tilskotsmidlar frå 71 skal primært nyttast til tiltak på freda bygningar og anlegg som er i privat eige, og som er prioritert av fylkeskommunen sjølv. Bygningar som skal få tilskot, må gjevast ein tilstandsgrad og leggjast inn i Askeladden. Offentleg eigde kulturminne og museumssamlingar er som hovudregel ikkje tilskotsverdige. Unntaket gjeld museumsbygningar som er freda og som ikkje er flytta til museumssamlingane. Dømes er Havrátunet (del av Museumssenteret i Hordaland), Agatunet og Mølstertunet (del av Hardanger og Voss museum), Alvøen, Damsgård og delar av Gamle Bergen (del av Bymuseet i Bergen).

### Statlege retningslinjer

Riksantikvaren har følgjande føringar for bruk av statleg løyving:

*Tiltak som stanser og hindrer ytterligere forfall skal prioriteres.*

*Fredete bygninger og anlegg som forfaller skal midlertidig sikres.*

*Tiltak på bygninger og anlegg det finnes få av, skal prioriteres.*

*Det skal ikke gis tilskudd til bygninger med tilstandsgrad(TG)1.*

*Fordeling av midlene må foreligge innen 01.04.2014 og sendes Riksantikvaren elektronisk i tilsendt exelskjema.*

*Riksantikvaren vil på grunnlag av fylkeskommunens fordeling utbetale tilskuddsmidlene for 2014. Dersom vi ikke mottar tilbakemelding om fordeling innen fristen 01.04.2014, vil vi vurdere å tildele midlene til en annen fylkeskommune hvor konkrete prosjekter er planlagt.*

*Renteinntektene for 2013 skal også fordeles og innføres i skjemaet.*

*Frist for rapport om forbruk av 2014-midler, samt fremdrift og status for tiltakene er 15.01.2015*

*Tilskuddsmidler fra post 71 skal primært brukes til tiltak på fredete bygninger og anlegg som er i **privat eie**. Bygninger som er flyttet til museer, skal ikke tilgodeses med tilskuddsmidler fra post 71 på Klima- og Miljødepartementets budsjett*  
*Bygninger og anlegg som er i offentlig eie skal ikke tilgodeses med tilskuddsmidler fra post 71 på Klima- og Miljødepartementets budsjett.*

### **Regionale retningslinjer**

Regionale styresmakter har eit sjølvstendig ansvar for å løyve midlar til kulturminnetiltak. Dersom ein ser situasjonen i Hordaland samla er det likevel trong for meir pengar enn det ein har rådd over i eigne budsjett i fylkeskommunen. Statlege midlar frå kapittel 1429 i statsbudsjettet har difor i mange år vore eit regionalt handlingsrom andsynes private eigarar av faste kulturminne i Hordaland og gjeve rammer for mange gode tiltak. Kultur- og idrettsavdelinga administrerer første del av prosessen. Søknaden vert så sendt til Riksantikvaren som frå 2014 fordelar midlane anten som rammeløyving til fordeling i fylkeskommunen eller til enkelttiltak.

### **Midlar til fordeling i 2014, post 71**

Ordinær løyving 2014	7.680.000
Førehandstilsagn for 2015	3.000.000
Renter av inneståande midlar 2011	400
Renter av inneståande midlar 2013	319.412
Udisponerte prosjektmidlar post 72, 2012	289.331
Udisponerte midlar post 72, 2013	502.421
Omdisponerast, (Tilsegn Rekve Mylna 2008)	150.000
Rekve mylna 2012	100.000

**Midlar til fordeling** **12.041.564**

### **Post 73. Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring**

Det er ikkje løyvd statlege midlar til brannsikring av freda bygningar i Hordaland eller andre fylkeskommunar. Jf grunngjevinga i brev frå Riksantikvaren: «*Alle brannsikringsmidler fra denne posten kanaliseres for tiden til sikring av stavkirkene. Det gis derfor ikke tilskudd til fredete enkeltbygninger i privat eie fra denne posten.*»

Søknadene i Hordaland gjeld brannsikring av viktige kulturminne på Agatunet, Fjelberg prestegard og Sandviksbodene i Bergen. Dei statlege rammene gjev ikkje rom til å følgje opp desse viktige tiltaka. Etter dei øydeleggjande brannane i Sandviken i Bergen i 2008 då fem freda kultuminne gjekk tapt, har Hordaland fylkeskommune i samråd med eigarar og kommunar gjennomført ei rekkje viktige sikringsprosjekt og det er naudsynt at ein kan fortsetje sikringa av fylket sine viktigaste kulturminne. Brann på det freda anlegget St. Jørgen i Bergen i 2013 vart avgrensa grunna gode varslings- og sløkkeanlegg. Det viste også behov for å ha tilgjengelege midlar til disposisjon for sikringsarbeid etter brann.

#### *Framlegg til innstilling:*

*Kultur- og ressursutvalet ber Klima- og miljødepartementet om at det vert stilt midlar til rådvelde over Statsbudsjettet, kapittel 1429 post 73 til brannsikring av freda kulturminne i Hordaland.*